

Tilskot til næringshagane i fylket i 2010

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår avtale med dei "gamle" næringshagane (NH) i fylket for 2010. Dette gjeld Leikanger NH, Sandane NH, Stryn NH, Flora NH og Nordfjordeid NH.
- 2 Fylkeskommunen løyver kr 100.000 til kvar næringshage for 2010.
- 3 Midlane skal takast frå "regionale utviklingsmidlar" på 2009-budsjettet.

Prenta vedlegg:

1. Sandane NH AS – Årsmelding for 2008
2. Leikanger Næringshage – Aktivitetsrapport 2008
3. Stryn Næringshage – Årsmelding 2008
4. Nordfjordeid Næringshage – utfyllande årsrapport
5. Flora Næringshage – aktivitets- og resultatrapport 2008

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

I Sogn og Fjordane har me hatt næringshagar sidan år 2000. Alle næringshagane har i dei fyrste 4-5 åra vore såkalla SIVA-næringshagar, med støtte frå SIVA. Dei har jamt over fått same støtte frå fylkeskommunen og dei respektive kommunane.

Etter det fyrste næringshageprogrammet til SIVA, fekk Stryn NH og Sandane NH halde fram som SIVA næringshagar i ein ny fireårsperiode, med om lag kr 400.000 i årleg støtte frå SIVA. Leikanger NH og Nordfjordeid NH måtte klara seg med midlar frå fylkeskommunen og kommunen, i tillegg til prosjektmidlar. Flora NH har også fått halde fram som SIVA næringshage etter fyrste programperiode.

Aurland NH er ny SIVA næringshage, og er ikkje omhandla i denne saka. Her går fylkeskommunen inn med kr 500.000 pr. år til og med 2010.

Fylkeskommunen har finansiert dei fem næringshagane slik tabellen under viser sidan år 2000 (tal i heile tusen):

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	SUM
NORDFJ. EID NH	250	500	500	500	500	250	250	250	200	100	3050
LEIKANGER NH	100		300	300	300	300	300	250	200	100	1900
SANDANE NH	250	500	500	500	500	250	250	250	200	100	3300
STRYN NH			300	500	500	500	500	300	200	100	2900
FLORA NH					500	500	500	500	200	100	2300
SUM FOR SFFK	600	1.000	1.600	1.800	2.300	1.800	1.800	1.550	1.000	500	13.450

Tabellen viser årleg tilskot frå fylkeskommunen til dei gamle næringshagane i fylket. Flora næringshage vart finansiert av omstillingsmidlar dei fire fyrste åra.

Bakgrunnen til at saka er reist er spørsmålet om finansieringa av dei "gamle" næringshagane, dei som har fullført SIVA sitt fyrste program. Dette gjeld alle næringshagane, med unntak av Aurland.

I fylkestingsak 51/07 vart det gjort fylgjande vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår avtalar med næringshagane (NH) i fylket.
2. For fem av næringshagane gjeld avtalen framhald av eksisterande næringshage.
 1. Fylkeskommunen vil støtta desse næringshagane med kr 200.000,- i 2008.
 2. Dette gjeld Leikanger NH, Sandane NH, Nordfjordeid NH, Stryn NH og Flora NH.
3. Fylkeskommunen stør Aurland næringshage med kr 500.000 for kvart av åra 2008, 2009 og 2010.
4. Midlane skal takast frå "regionale utviklingsmidlar".
5. Fylkesrådmannen får ansvar for å signera avtalane og fylgje desse opp.

Til sak 54/08 i hovudutval for plan og næring vart det gjort ein del granskingar av situasjonen for næringshagane, ved innsamling av data, og vurdering av det som er gjort og oppnådd, utifrå fylkeskommunen sin avtale med næringshagane. I HPN sak 54/08 vart det gjort fylgjande vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår avtale med dei "gamle" næringshagane (NH) i fylket for 2009. Dette gjeld Leikanger NH, Sandane NH, Stryn NH, Flora NH og Nordfjordeid NH.
2. Fylkeskommunen løyver kr 100.000 til kvar næringshage for 2009.
3. Midlane skal takast frå "regionale utviklingsmidlar" på 2008-budsjettet.

I 2009 har det vore relativt lite kontakt mellom næringshagane og fylkeskommunen. Fylkeskommunen har bedd om årsrapportar og rekneskap for 2008, og aktivitetsplanar for 2009.

Avtalen med fylkeskommunen legg til grunn at næringshagen har planar for fylgjande område:

- a. Utvikling av interne bedrifter i næringshagen
- b. Utvikling av nye bedrifter / bedriftsetablering

Nærare omtale av næringshagane sine årsrapportar for 2008

Alle næringshagane har levert inn årsrapportar for 2008. Årsrapportane varierar i form og innhald.

LEIKANGER NÆRINGSHAGE

Leikanger Næringshage sin "aktivitetsrapport 2008" gjev eit godt bilde av status for næringshagen med omsyn på bedrifter ved utgangen av året 2008, og nyetableringar 2008. Dette er data fylkeskommunen har bedt om tidlegare, og som er nødvendig for å visa til utvikling av næringshagen. Vidare rapporterar Leikanger Næringshage om prosjekt i regi av næringshagen, andre prosjekt i eller med Leikanger Næringshage, og om utsiktene framover.

Ankepunktet mot prosjekta til Leikanger Næringshage er at dei har lite med bedriftene i næringshagen å gjera, og såleis lite egna til å få vekst i næringshagebedriftene, som er ein av målsetjingane til næringshagen.

Ved utgangen av 2008 var det 22 bedrifter i Leikanger Næringshage, og totalt 55 tilsette. Det var fire nyetableringar i næringshagen i 2008.

Næringshagen har fått Saften, med fleirbrukshall, mediebedrift og handlesenter som nærmaste nabo. Næringshagen har medverka sterkt til denne etableringa, som også gjev nye moglegheiter til næringsutvikling framover.

FLORA NÆRINGSHAGE

Flora Næringshage har ein svært god rapport, som viser både status og prosjekt på ein god måte. Ved utgongen av 2008 var det 26 verksemder med totalt 126 tilsette i næringshagen. Fordelinga var 51 kvinner og 75 menn. Næringshagen er fordelt på tre lokalitetar i Florø.

Næringshagen viser til gode nettverk med næringsaktørar og verkemiddelapparat i fylket og i landet.

Næringshagen viser til aktiv deltaking i mange næringsprosjekt, retta mot bedriftene i næringshagen. Innanfor *marin spissing* har næringshagen vore prosjektleiar for to prosjekt og prosjektansvarleg for eitt prosjekt.

Næringshagen har drive med *gründer og etableraropplæring* i 2008 til 15 personar (8 kvinner og 7 menn). Det var 4 nyetableringar i næringshagen i 2008. Viktigaste prosjektet har vore Huldra 2008, saman med Nordfjordeid NH og Leikanger NH.

Innanfor Nyskaping, utvikling og innovasjon har Flora NH vore aktiv. Sunnfjord 2020 har hatt stor suksess med sin SMB-satsing, der strategikutvikling står sentralt. Fleire verksemder frå NH har vore med.

Flora NH har vore ein node i Fjordinkubator i 2008. Prosjekta er spissa mot havbruk og fiskeri.

Flora NH kan tilby bedriftene og etableraren både god infrastruktur, fellesaktivitetar og gode nettverk.

NORDFJORDEID NÆRINGSHAGE

Nordfjordeid Næringshage har ikkje rapportert på status knytt til bedrifter og tal tilsette eller på hjelp til gründerar og nyetableringar i sin rapport.

Næringshagen rapporterer omfattande aktivitetar knytt til gründerar og fyrstelinjeteneste, utviklingsplan, einskildprosjekt og næringsfond.

Av andre aktivitetar rapporterer næringshagen deltaking på rekrutteringsmesser i Oslo og Bergen.

Av prosjekt vert rapportert Huldra, som vert drive av næringshagen. Prosjektet er fylkesdekkande, og retta mot kvinnelege etablerarar.

Næringshagen er også aktiv i fleire andre eksterne, eller regionale prosjekt, knytt til helsetilbod, automatisering, kulturbasert næringsutvikling, investeringsfond og Sagastad, etablering av høgteknologisk presentasjonssenter for vikingtida.

Mykje av tida til dagleg leiar vart nytta til rådgjeving, hjelp til utvikling og utgreiingar. I 2009 ville næringshagen ha meir fokus på kulturbasert næringsutvikling (VAKN-prosjektet). Målet er å skapa 3-5 bedrifter med 3-10 arbeidsplassar i løpet av 3 år.

SANDANE NÆRINGSHAGE

Sandane Næringshage har levert inn ein årsmelding i form av ein rekneskapsrapport. I denne finn ein ikkje den type opplysningar som har interesse i denne saka.

STRYN NÆRINGSHAGE

Stryn Næringshage har levert inn den same rapporten dei har sendt til SIVA. I denne rapporten er ikkje status for bedrifter og tilsette i næringshagen med.

Stryn Næringshage er lokalisert i Stryn sentrum i to bygg. Det er utvidingsplanar for 14 nye kontor. Næringshagen tilbyr nye og moderne lokale, felles infrastruktur og eit godt fagleg og sosialt miljø. Stryn Næringshage har fleire fokusområde:

Designsatsing i Fjordfylket (DIFF) skjer i samarbeid med Innovasjon Norge for å auka fokus på næringsretta design. Satsinga skal skapa nettverk og møteplassar, heve kompetansen og stimulera til auka bruk av profesjonell design. I 2008 vart det arrangert felles design dagar for ungdom, næringsliv og miljø. Det har vore samling for næringslivet i Måløy, nettverksarbeid, seminar, skuleretta arbeid, grundercamp etc.. Satsinga vil halde fram.

Leiarutvikling i Fjordfylket (LIFF) skjer i samband med Innovasjon Norge, fylkeskommunen og næringslivet. I 2008 vart det utvikla eit nytt program i tett samarbeid med BI.

Samla plan for utvikling av Stryn som reisemål. Næringshagen har vore sterkt engasjert i dette reiselivsarbeidet. Dette er prosjektutvikling for opplevingsbasert reiseliv i Nordfjord. Stryn er vald som 1 av 6 pilotar i Norge for utvikling av frivillig fellesgodefinansiering, i eit treårig program.

Stryn Næringshage er initiativtakar til, aksjonær og representert i styret til *Inkubator Vest*. Inkubator Vest har kontor i Stryn Næringshage. Næringshagen har tett dagleg samarbeid, og samarbeidar i tiltak og prosjekt.

Fjord Inkubator AS er ein fødselshjelpar og inkubator for nye idear. Stryn NH har spesiell fokus på design. Ei ny inkubatorbedrift i 2008. Frå før er det tre inkubatorbedrifter.

ERFA (erfaringsgrupper) er eit prosjekt som arbeidar for at næringslivet i regionen, gjennom å utveksla røynsler, skal kunne trekke til seg kunnskap og kompetanse.

Stryn NH har gjennom avtale med Stryn kommune ansvar å følgje opp *nyetableringar*. Det var 22 førespurnader i 2008. Det førte til 12 bedriftsetableringar, mot 9 i 2007. Av desse er 3 lokalisert i Stryn NH.

2. VURDERING

Me har 5 "gamle" næringshagar, som alle jobbar godt på sin måte. Det finst sjølvsagt fleire fellesnemnarar, men også mange ulikskapar.

Vurdering av framhald av støtte til næringshagane etter ein periode på 4-5 år med full støtte, er ei noko vanskeleg sak. Både fylkeskommunen og departementa, med kommunaldepartementet i spissen, har vorte meir og meir opptekne av dynamisk målstyring og effektmålingar.

I tidlegare saksutgreiingar har fylkesdirektøren sett fokus på effektmålingar av tilskot til næringshagane, og kome fram til at det ikkje er så lett. Når det skal vurderast om støtta til næringshagane skal halda fram, så burde effektane, eller nytteverdiane av tilskota vore vurderte. Dette arbeidet har ikkje vore prioritert i 2009.

I perioden med full støtte skulle næringshagane bygge seg opp, for å stå på egne bein i neste fase. No har næringshagane overlevd i to år, med høvesvis kr 200.000 og kr 100.000 i støtte. I kva grad dei klarar å overleva utan støtte, er usikkert. Det har vore mykje omskifte på leiarane, og det er ikkje noko godt signal.

Det kjem ikkje så klart fram av rapportane i kva grad dagleg leiar og fellesopplegg er viktige for bedriftene i næringshagane. Det kan sjå ut som om næringshagane og dagleg leiar fyrst og fremst gjer ein viktig jobb for nyetablerarar, ved å tilby dei kontor plass, infrastruktur og møteplassar og ved deltaking i større prosjekt retta mot denne målgruppa.

Det kan av årsmeldingane sjå ut som om den samla offentlege verkemiddelbruken til næringshagane varierar mykje, utan at dette kjem fram med klare tal. Den offentlege verkemiddelbruken i næringshagane vert stort sett brukt på fylgjande kategoriar:

1. Basistilskot til næringshagen (dagleg leiar, prosjekt, infrastruktur, kurs, møte, etc..)
2. Tilskot til prosjekt, med næringshagen som søker (døme: HULDRA, DIFF ¹⁾)
3. Tilskot til prosjekt, med bedrifter i næringshagen som søker.
4. Bedriftsutviklingstilskot frå næringsfond og Innovasjon Norge

Det er ei utfordring med næringshagane si rapportering er at dei blandar saman punkt 1-3 som næringshagane sitt arbeid. I denne saka er det støtte til punkt 1, basistilskotet, som vert vurdert. Dersom dette tilskotet vert nytta til å skaffe "næringshagen" prosjektmidlar i gruppe 2 og 3, så kan dette også bli rapportert. Rapportane burde vore meir detaljerte på desse punkta. Fylkeskommunen vil ta rapporteringsforma opp med næringshagane for å få ei betre rapportering for komande år.

Næringshagane, eller næringshagekommunane, har utvilsamt ein fordel framom andre kommunar, ved at dei har både kompetente personar og midlar til å skriva prosjektsøknader. Kanskje er denne røynsla også eit viktig resultat med næringshagane?

Næringshagane og bedriftene i næringshagane har hatt mange fordeler av å ha vore næringshagar. Næringshagane sitt fokus har vorte meir utadretta, og målsetjingane i avtalen med fylkeskommunen er ikkje lenger dekkande for næringshagane sine aktivitetar fullt ut. Næringshagane ser på seg sjølve meir og meir som regionale utviklingsaktørar, og har relativt mindre direkte fokus på bedriftene i næringshagen no enn i oppstartfasen. Flora Næringshage kan kanskje sjå ut til å vera eit unnatak, og truleg også Sandane Næringshage sin Agro Business Park.

Tida er inne for at fylkeskommunen vurderar satsinga på næringshagane på eit nytt og fritt grunnlag frå og med 2011. Dette arbeidet må gjerast i første halvår av 2010, i samarbeid med næringshagane og kommunane der næringshagane held til.

3. KONKLUSJON OG TILRÅDING

Fylkesdirektøren vil tilrå at næringshagane får kr 100.000 i støtte for 2010. Samstundes vil fylkesdirektøren tilrå at fylkeskommunen vurderer satsinga på næringshagane på fritt grunnlag første halvår 2010, med tanke på framtidige avtalar knytt opp i mot satsingar i fylket.